

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbodskonkurranse  
etter Anskaffelsesloven sin del II

for kjøp av

fjerne bustadmodul Dommersnes

Saksnr. 23/366

## Innhold

<b>1 GENERELL SKILDRING .....</b>	<b>3</b>
1.1 Oppdragsgjevar .....	3
1.2 Kjøpet sitt føremål.....	3
1.3 Om partane.....	3
1.4 Deltilbod.....	3
1.5 Alternative tilbod .....	4
1.6 Konkurransegrunnlaget si oppbygning .....	4
1.7 Kunngjøring.....	4
1.8 Viktige datoar.....	4
1.9 Atterhald.....	4
<b>2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD.....</b>	<b>5</b>
2.1 Kjøpsprosedyre .....	5
2.2 Leveranse .....	5
2.3 Oppgjer .....	6
2.4 Eigedomsrett.....	6
2.5 Krav til løn og arbeidsvillkår .....	7
2.6 Teieplikt.....	7
2.7 Atterhald og avvik .....	7
2.8 Frist for å stå ved tilboden.....	7
2.9 Konkurransegrunnlaget.....	7
2.10 Oppdatering av konkurransegrunnlaget.....	7
2.11 Tilleggsopplysninger .....	7
<b>3.KVALIFIKASJONSKRAV .....</b>	<b>8</b>
3.3 Obligatoriske krav .....	8
3.4 Entreprenøren sin organisatoriske og juridiske stilling.....	8
3.5 Entreprenøren sine tekniske og faglege kvalifikasjoner.....	8
3.6 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling.....	9
<b>4.TILDELINGSKRITERIER (lågaste pris 100%).....</b>	<b>10</b>
<b>5.INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING .....</b>	<b>11</b>
5.1 Innlevering av tilbod .....	11
5.2 Utforming av tilboden .....	11
<b>6 FØRESEGNER.....</b>	<b>12</b>
6.1 Avtaledokumenta .....	12
6.2 Partenes representanter .....	12
6.3 Byggemøter .....	12
6.4 Sikkerhetsstillelse .....	12
6.5 Forsikring .....	12
6.6 Risiko for skade på kontraktarbeidet i byggetiden .....	12
6.7 Entreprenørens ytelser .....	12
6.8 Bruk av underentreprenør.....	13
6.9 Bruk av underentreprenør.....	13
6.10 Byggerrens ytelser .....	13
6.11 Betaling av entreprenørens vederlag .....	13
6.12 Sluttoppgjør.....	13

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Oppdragsgjever

Oppdragsgjever sin kontaktperson er:

Namn:	Willy Skulerud
Adresse:	Teknisk bygg
Adresse:	Østbøvegen 2
Postadresse:	5585 SANDEID

All kommunikasjon skjer i Mercell. Det skal ikkje vera kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå Oppdragsgjever kva gjeld anbodskonkurransen enn nemnte kontaktperson.

## 1.2 Kjøpet sitt føremål

Fjerne/hogge opp bustadsmodul i Vikebygd for Vindafjord kommune, innanfor ei tidsramme på 3 månader. Det skal leverast ei god beskriving av arbeidet og avfallshandtering.

Oppdragsgjever legg til grunn NS8406:2009 som enterpriseform for denne kontrakten. Det er gjort nokre endringar og lagt til litt for å tilpasse kontrakten til oppdraget.

Tilbydar må ta på seg alt arbeid med søknad og arbeid mot offentleg mynde. Her inkludert arbeidstilsynet.

Arbeidet må skje utan ulykker og skade. Entreprenør må ha eit godt HMS system og SHA dokumentasjon. Det må lagast ein HMS plan for alt arbeid som vert gjort på industriområde. Plan skal godkjennast av Oppdragsgjever.

Alle dokument i denne konkurransen skal utformast på norsk.

Fullstendig skildring av leveransen følgjer av vedlegg\_1 - Skildring.

## 1.3 Om partane.

Tilbydar vert òg kalla Entreprenør og Oppdragstakar i dette dokument. Oppdragsgjever vert òg nemnd som Vindafjord kommune og Byggherre.

## 1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på deler av oppdraget.

## **1.5 Alternative tilbod**

Det er ikkje høve til å gi alternative tilbod i denne konkurransen.

## **1.6 Konkurransegrunnlaget si oppbygning**

- Del 1 – Dette dokumentet med føresegner om konkurransegjennomføringa med kvalifikasjonskrav og tildelingskriterier. Samt vedlegg.
- Del 2 – Kontrakt NS 8406:2009

## **1.7 Kunngjøring**

Kunngjering på Doffin.

## **1.8 Viktige datoar**

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Synfaring	16.02.2023, kl 12:00
Tilbodet står ved lag	03.07.2023, kl 12:00
Frist for å levere tilbod	03.03.2023, kl 12:00
Tilbodsopning	03.03.2023, kl 12:00
Evaluering	Uke 10
Underrette om val av Entreprenør	Uke 10
Klagefrist	17.03.2023
Kontraktsinngåing	Uke 13
Oppstart	03.04.2023
Ferdigstilling	03.07.2023

Ein gjer merksam på at nokre av tidspunkta etter opning av tilboda er rettleiande.

## **1.9 Atterhald**

Vindafjord kommune tek etterhald om politisk og administrativ godkjenning av oppdrag og økonomiske rammer. Kostnadars Tilbydar har hatt med arbeid knytt til tilbodsmateriell vert ikkje refundert.

## 2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

### 2.1 *Kjøpsprosedyre*

Kjøpet vert gjennomført i høve til lov om offentlige anskaffelse av 16. juli 1999 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (anskaffelsesforskriften av 1. januar 2017). Kontraktstildeling vert føretatt etter gjeldande prosedyre.

Konkurransen vert gjennomført som open tilbodskonkurranse etter forskrifta sin del II.

Oppdraget vert regulert av NS 8406:2009. Alle dokumenter skal utformast på norsk. All kommunikasjon skal føregå på norsk. Dette gjeld òg byggemøter og on-site.

Oppdragsgjevar kan velje å avslutte hele tilbodskonkurransen utan økonomisk kompensasjon. Oppdraget krev politisk og administrativ godkjenning.

Berre dei tilbyderane som oppfyller kvalifikasjonskrava vil få sine tilbod evaluert.

I denne konkurransen er det ikkje høve til å endre tilbodet etter at tilbodsfristen har utløpt. Vidare gjer ein merksam på at tilbod som innehold avvik, etterhald eller feil, eller har innhald som er uklårt, ufullstendig mv., som kan medføre tvil om korleis tilbodet skal vurderast samanlikna med dei andre tilboda, vert vurdert og prisa av oss etter «worst case».

Oppdragstakar oppmodast derfor på det sterke til å fylje dei tilvisingar som vert gjevne i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved ting som er uklåre.

### 2.2 *Leveranse*

Vindafjord kommune aksepterer to løysningar:

1. Frakte vekk bustadmodulen og hogge den opp på godkjent anlegg.
2. Hogge den opp på staden og frakte vekk i deler.

Tilbydar skal levere riggplan og framdriftsplan med faktureringsplan for oppdraget. Framdriftsplan må syne korleis Entreprenør vil løyse oppdraget. Det må det leggast ved dokumentasjon på at avfall går til anlegget som er godkjent.

Det vert ikkje gitt løyve til å lagre deler og materiell frå bustadsmodulen på industriområde. Etter kvart som arbeidet går fram må deler og materiell fjernast frå område. Plan skal syne avfallsflyten.

Tildelt Entreprenør må stå for alle søknadar, inkludert arbeidstilsynet. Arbeid kan starte når desse er godkjent. Vindafjord kommune skal haldast orientert om saksbehandlinga og status. Plan skal mellom anna syne oversikt over eventuelle søknadar, forventa saksgang og kva tid ein ser for seg å starte opp. Plan må òg syne eventuell ferie.

Vindafjord kommune forutset at Tilbydar har stort fokus på HMS i samband med dette arbeidet. Oppdragsgjevar har utarbeida SHA dokument som skal implementerast og følgast opp dagleg av Oppdragstakar.

Etter lovverket skal objektet handsamast som avfall. Alt avfall må sendast til lovleg avfallsanlegg for lagring eller gjenvinning. Det må søkast Miljødirektoratet for å sende objekt utanlands for opphogging.

For den Tilbydar som vert tildelt oppdraget må det utarbeidast ein gjenvinningsplan for objektet. Planen skal skildre driftsprosessane og framgangsmåte i samband med gjenvinning av objektet. Plan skal òg skildre anleggsoperasjonane og HMS tiltak på anlegget, samt identifisering og farlege stoff. Plan må leggast fram før Oppdragsgjevar og godkjennast av han før arbeid kan starte.

**1. Frakte vekk bustadmodul for opphogging på godkjent anlegg:**

Etter kontraktsignering har Entreprenør 3 månader på seg å fjerne bustadmodulen med alle tilhøyrande deler. Denne tida inkludera synfaring og godkjenning av område.

Oppdragstakar må legge fram dokumentasjon på at mottaksanlegget er godkjent.

**2. Opphogging på Dommersnes industriområde:**

Etter at alle søknadar er godkjente og kontrakt signert har Entreprenør ein frist på 3 månader på å utføre sjølvé oppdraget. Denne tida inkludera synfaring og godkjenning av område, samt ferdigstilling og overtakingforretning.

For punkt 1. og 2. gjeld: Etter 3 månader påløper dagbøter, jamfør punkt 26, NS8406:2009. Dagbøter løper frå kl. 12:00 til 12:00 neste dag. Dagbøter løper fram til godkjenning av område/ overtakingsforretning er halde. Sjå NS8406:2009 punkt 24.3 og 26.2.

## **2.3 Oppgjer**

Fakturering skal samsvare med framdrift. 20% av totalbeløpet vert halde attende og skal utbetalast i ein sluttfaktura etter ferdigstilt oppdrag, og etter at anleggsområde er synfare, godkjent og det er halde overtakingsforretning.

Dersom Oppdragstakar fraktar vekk bustadmodulen for opphogging kan sluttfaktura sendast når modulen forlèt kai og område er synfare og godkjent.

Entreprenør må få godkjent planane for rigg, framdrift og fakturering for å vera med i konkurransen.

## **2.4 Eigedomsrett**

Vindafjord kommune har eigedomsretten til opphoggingsobjektet fram til det er fjerna frå Dommersnes industriområde. Etter dette tilfelle eigedomsretten Entreprenør.

## **2.5 Krav til løn og arbeidsvilkår**

Entreprenør må oppfylle krav om løn og arbeidsvilkår. Dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

## **2.6 Teieplikt**

Oppdragstakar og tilsette hjå denne pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vera av verdi å hemmeleghalde i høve til konkurransen, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningsloven § 13.

## **2.7 Atterhald og avvik**

Dersom Entreprenøren tar etterhald mot deler av konkurransegrunnlaget/kravspesifikasjonen/ kontrakt eller andre konkurransedokumenter, skal dette klart gå fram av tilbodet. Atterhaldet skal spesifiserast med kva konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold. Ref. punkt 2.1.

## **2.8 Frist for å stå ved tilbodet**

Entreprenøren må vedstå seg sitt tilbod i 3 månader etter innleveringsfrist.

## **2.9 Konkurransegrunnlaget**

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet og vedlegg som beskriv oppdraget meir i detalj. Samt kontrakt. Dokumenta kan endrast fram til tilbodsfrist utløp.

## **2.10 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonym form, vert formidla til alle tilbyderar.

## **2.11 Tilleggsopplysningar**

Dersom Tilbydar finner at konkurransegrunnlaget ikkje gir naudsint vegleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå Oppdragsgjevar ved Oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber ein om at dette vert formidla skriftleg til Oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Skriftleg førespurnad om tilleggsopplysningar sendast til Oppdragsgjevar ved å bruke denne funksjonen i Mercell KGV.

### 3. KVALIFIKASJONSKRAV

#### 3.3 Obligatoriske krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Entreprenøren skal ha ordna tilhøve i skatteinnbetaling og meirverdiinnbetaling.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skatteattest</li> <li>• Meirverdiavgiftsattest</li> </ul> <p>Ein attest for skatt og ein attest for betalt avgift utferdast anten av det lokale skattekontoret eller skatteoppkrevjarkontoret der kor Entreprenøren har sitt hovudkontor. Sjå: (<a href="http://www.skatteetaten.no/no/Alt-om/Skatteattest/">http://www.skatteetaten.no/no/Alt-om/Skatteattest/</a>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utanlandske leverandører skal leggje fram atester fra tilsvarende mynde som dei norske.</li> </ul>

#### 3.4 Entreprenøren sin organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Entreprenøren skal vera eit lovlig etablert føretak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norske føretak: Firmaattest</li> <li>• Utanlandske føretak: Godkjenning på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som føreskrevet i lovgivinga i det land kor leverandøren er etablert.</li> </ul>

#### 3.5 Entreprenøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Entreprenør må vera registrert i føretaksregisteret i rett bransje for denne type arbeid.	Til dømes som: Miljøvirksomhet relatert til nedstenging, fjerning og gjenvinning av industri-installasjoner. Legg ved dokumentasjon.
Entreprenøren skal ha god erfaring og kompetanse.	Det vert kravd minimum 1 opphoggingsoppdrag av samanliknbare stålkonstruksjonar dei siste 5 åra. Legg ved dokumentasjon.
Entreprenøren må ha gode HMS og kvalitetsstyrings-system.	Dokumentere HMS og kvalitetsstyringsstem som verksemda nyttar i dette arbeidet.

### **3.6 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling**

Krav	Dokumentasjonskrav
Godkjend rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det vert kravd dokumentasjon på at rekneskap for det siste året er godkjende. Dersom det er ei nyoppstarta verksemde fell dette kravet vekk.</li> </ul>
Soliditet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Legge ved dokumentasjon på at eigenkapitalen det siste rekneskapsåret er i gjennomsnitt 15% eller høyare. For yngre verksemde er kravet fortsatt 15% eller høyare.</li> </ul>
Likviditetsgrad	<ul style="list-style-type: none"> <li>Legg ved dokumentasjon på at likviditetsgraden det siste rekneskapsåret er på 1,15 eller betre.</li> </ul>
Kredittverdig	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kredittvurdering/ «rating», ikke eldre enn 6 månader, og som basera seg på siste kjente regnskapstall. Ei «rating» skal vera utført av offentleg godkjent kredittvurderingsinstitusjon. Kravet er at selskapet er kredittverdig. Dette må kome tydeleg fram.</li> </ul>

Dersom leverandøren av gyldige grunner ikkje kan legge fram den dokumentasjon oppdragsgjevar har oppmoda om, kan han få godkjent si økonomiske og finansielle stilling med eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar kan akseptera.

## **4. TILDELINGSKRITERIER (lågaste pris 100%)**

Berre tilbod som er levert av kvalifiserte tilbyderar og som innfrir dei obligatoriske krav og spesifikasjonar som er gjevne i konkurransegrunnlaget vert vurdert i denne konkurransen.

Tildelinga skjer på basis av lågast pris for oppdrag.

Legg ved eit eige vedlegg med prising av oppdraget. Det skal være ei god oversikt der dei ulike postane kjem tydeleg fram. Entreprenør er ansvarleg for å få med alle postane som inngår i oppdraget. Entreprenør kan ikkje krevje betalt for postar som inngår i oppdraget, men ikkje tatt med i Entreprenøren sitt oppsett.

## 5. INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

### 5.1 *Innlevering av tilbod*

Tilboden skal leverast inn digitalt på Mercell KGV. Innleveringsfrist sjå punkt 1.8.

### 5.2 *Utforming av tilboden*

Tilboden skal utformast i høve til den disposisjon som fyljer av dette konkurransegrunnlaget. Entreprenøren er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på/belyst og dokumentert i tilboden.

Tilboden utformast med denne disposisjonen:

- Tilbodsbrev signert av ansvarlig representant for Entreprenøren. Tilbodsbrevet må innehalde følgjande:
  - Ein aksept av vilkår i konkurransegrunnlaget og kontrakt. Eventuelle etterhald må kome fram her og vera angitt i høve til dei føresegner som er gitt om etterhald og avvik i dette konkurransegrunnlaget. Vidare må brevet innehalde namn og kontaktinformasjon til Entreprenøren sin kontaktperson.
  - Pris utan mva. for oppdraget.
- Skatteattest, attest på betalt skatt og arbeidsgjevaravgift frå kemnerkontoret.
- MVA-attest, attest på betalt meirverdiavgift frå skattefutkontoret. Skal òg leverast for alle underentreprenørar som har leveransar for over NOK 500 000,-.
- Firmaattest. Skal òg leverast for alle underentreprenørar.
- Dokumentere at verksemda er i rett bransje.
- Legge ved minimum 1 oppdrag dei siste 5 åra.
- Dokumentere HMS og kvalitetskringssystemet som Entreprenør nyttar.
- Legge ved godkjent rekneskap.
- Dokumentere soliditet og likviditet.
- Legge ved attest på at Entreprenør er kreditverdig.
- Fyll ut skjema om leverandøropplysningar og etterhald.
- Signer skjema der Entreprenør erklæra at han oppfylle krav om løn og arbeidsvilkår.
- Signer skjema om at ein har naudsynt kapasitet til å gjennomføre oppdraget.
- Eigenerklæring HMS.
- Prisskjema.
- Planar for rigg, framdrift og faktuering.

## 6 FØRESEGNER

### 6.1 *Avtaledokumenta*

*Endring i NS8406:2009 punkt 4:*

Følgande dokument inngår i kontrakt, og gjeld i den rekkefølge dei er angitt:

- a) Dette dokument med vedlegg
- b) Entreprenøren sitt tilbod
- c) NS 8406:2009

### 6.2 *Partenes representanter*

*Tillegg punkt 5:*

Sjå vedlegg 2.

### 6.3 *Byggemøter*

*Tillegg punkt 6:*

Sjå vedlegg 2.

### 6.4 *Sikkerhetsstillelse*

*Endring punkt 8:*

Vindafjord kommune stiller ikkje sikkerheit.

### 6.5 *Forsikring*

*Endring punkt 9:*

Vindafjord kommune treng ikkje forsikring.

### 6.6 *Risiko for skade på kontraktarbeidet i byggetiden*

*Tillegg punkt 10:*

Entreprenør ber ansvar for skade på tredje part sin eigedom, til dømes transformatorstasjon.

### 6.7 *Entreprenørens yteler*

*Tillegg punkt 11:*

Språket i kontrakten, all korrespondanse og all kommunikasjon med Byggherre skal vera på norsk. Dette gjeld òg on-site.

Entreprenøren plikter å rapportere eventuell bruk av utanlandske oppdragstakrar og arbeidstakrar i høve til de til ein kvar tid gjeldande regler.

## **6.8 Bruk av underentreprenør**

*Tillegg punkt 12:*

Ved bruk av underentreprenører skal Entreprenøren krevje skatte- og avgiftsattest i alle kontraktforhold med verdi over kr 500 000,- ekskl. mva. Ved brot på denne føresegna kan byggherre krevje underentreprenøren byta ut, utan kostnadar for Byggherre.

## **6.9 Bruk av underentreprenør**

*Tillegg punkt 17:*

Sjå vedlegg 2 og Entreprenør sin framdriftsplan.

## **6.10 Byggherrens ytelse**

*Endring punkt 18.1:*

Utgår.

## **6.11 Betaling av entreprenørens vederlag**

*Endring punkt 23.1:*

Kontraktsum vert ikkje indeksregulert.

*Endring punkt 23.3:*

Eigen framdrifts- og fakturaplan.

Tilbodet skal baserast på ein betalingsfrist på 30 dagar.

*Tillegg punkt 23:*

Entreprenør skal levere riggplan og framdriftsplan med faktureringsplan for oppdraget. Fakturering skal samsvare med framdrift

## **6.12 Sluttoppgjør**

*Tillegg punkt 25:*

20% av totalbeløpet vert haldsyne tilbake og skal utbetalast i ein sluttfaktura etter oppdraget og anleggsområde er synfare, godkjent og overtakingsforretning er halde.